



Arbeidsplan 2026

**Hordaland Bonde-
og Småbrukarlag**

Medlemsmål for 2026: 800 medlemmar

Hovudmål 1: Alle medlemmar i Hordaland skal ha i eit aktivt lokallag der dei bur.

Prioriterte oppgåver i 2026:

- Gjera NBS sin strategi og fylkesstrategien kjent for organisasjonen og oppmoda lokallag til å setja sine egne mål i tråd med strategien
- Støtte lokallaga i gjennomføring av årsmøte og vitja så mange årsmøte som mogleg
- Oppmoda lag til å laga årlege aktivitetsplanar
- Setja av midlar lokallaga kan søkja på til lokallagsaktivitet
- Halda fram med å arrangera digitale lokallagsmøte og jobba for auka deltaking frå lokallaga på desse møta
- Gjennomføra aktivitetar og arrangement i fylkesregi i samarbeid med lokallag
- Ta initiativ til gjenopplivingsarrangement der lokallag har låg aktivitet
- Dela døme på lokallagsaktivitet som kan inspirera andre

Mål for Hordaland:

Hovudmål 2: Vi skal ha ei ungdomssatsing i fylket som styrkar medlemsengasjementet blant unge og gjer NBS til ein naturleg organisasjon for unge å melda seg inn i.

Prioriterte oppgåver i 2026:

- Støtta ungdomsutvalet på dei områda dei treng for å styrka arbeidet sitt og byggja opp eit aktivt utval
- Innarbeida den nye rutinen med at ungdomsutvalet har møterett i styret, og sørgja for god og jamleg kommunikasjon mellom fylkesstyret og utvalet
- Styrka kontakten med naturbruksskulene og søkja samarbeid der det er naturleg
- Bidra ved behov i planlegging av ei ny regional inspirasjonssamling for unge og framtidige bønder i 2026

Vedtatt på årsmøtet 8. mars 2026

- Integrera ungdomssatsinga i ei eventuell søknad om nye prosjektmidlar

Hovudmål 3: Vi skal byggja strukturer som styrkar organisasjonskompetanse og legg til rette for langsiktig medlemsengasjement.

Prioriterte oppgåver i 2026:

- Bruka lokallagsmøta som forum for å kartlegga kva behov lokallaga har for kompetanseheving, kurs, ressursar med meir
- Innføra ei fadderordning der kvart lokallag har sin eigen kontaktperson i fylkesstyret
- Nytt relevante høve til å setja fokus på å byggja ein inkluderande organisasjonskultur
- Arbeida med bevisstgjerjing om korleis ein tek imot nye medlemmar i lokallaga og vurderer innføring av standardiserte rutinar for dette
- Vurdera moglegheita for eigne organisasjonskurs for lokallaget i fylket, anten digitalt eller fysisk

Hovudmål 4: Vi skal styrka vårt samarbeid med gamle og nye alliansepartnarar, og byggja engasjement for eit berekraftig matsystem på tvers av organisasjonar.

Prioriterte oppgåver i 2026:

- Bruka arenaene i organisasjonen (som fylkesårsmøtet) som ein plass for å byggja alliansar og styrka band med samarbeidspartnarar
- Prioritera å delta på viktige arrangement for alliansebygging, som årsmøte til samarbeidsorganisasjonar, fellesinitiativ som totalberedskapsdagen eller felles kurs kor mange viktige aktørar er til stade
- Alltid vurderer moglegheita og nytta av å involvera andre i samarbeid om arrangement og aktivitetar
- Inviterer til eit landbrukspolitisk innspelsmøte for aktørar utanfor landbruksfamilien i forkant av jordbrukstingingane 2027
- Halda jamleg kontakt med politikarar på fylkes- og stortingsnivå og jobba for å auka deira landbrukspolitiske kompetanse
- Oppmoda lokallaga til alliansebygging og lokalt samarbeid
- Prioritera å synleggjera organisasjonen med stand på viktige arrangement som når breitt ut